



Bremanger kommune

JournalpostID: 18/10888
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 23.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/18	Formannskapet	06.12.2018

Reguleringsplan for fv 614 Breivika, Svelgen, Planid 1438.2018.01. Gang- og sykkelveg.

Vedlegg:

Fv. 614 Føresegner reguleringsplankart og planomtale (002)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 blir det gjort vedtak om offentlig ettersyn av reguleringsplan fv 614 Breivika – Svelgen, planid 1438.2018.01, slik denne ligg føre og er datert 06.12.18.

Bakgrunn for saka:

Det skal byggjast gang- og sykkelveg i Breivika, Svelgen. Det ligg føre reguleringsplanframlegg for tiltaket. Planarbeidet går parallelt med deltaljprosjekteringa, sidan arbeidet tek til neste år. Målet er godkjend reguleringsplan i februar 2019. Planen skal på høyring i perioden 10.12.18 – 28.01.19, føresett planutvalet sitt vedtak om ettersyn i denne saka.

Situasjonen i dag er at gåande og syklande nyttar fortau og einssidig utvida skulder langs fv 614 mellom Breivika og Svelgen sentrum. Utvida skulder er ikkje akseptabelt som skuleveg jfr N100 Veg- og gateutforming. Bustadområda i Langeneset og Breivika ligg mindre enn 3 km frå sentrum, og det er difor eit stort potensiale for auke i talet på syklande og gåande, dersom ein får etablert eit godt gang- og sykkelvegssystem. Den planlagde strekningen er cirka 1 km, og blir ein kombinasjon av fortau og gang-/sykkelveg. Planen går frå fortau i Breivika og fram til krysset ved symjehallen/avkøyrsel til Naustneset.

Formannskapet 06.12.2018:

Handsaming:

FSK- 116/18 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 blir det gjort vedtak om offentlig ettersyn av reguleringsplan fv 614 Breivika – Svelgen, planid 1438.2018.01, slik denne ligg føre og er datert 06.12.18.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova § 12-3 og 12-10

Saksopplysningar:

Framlegget til detaljregulering omfattar plankart, føresegner, planomtale og vedlagt ROS-analyse (risikovurdering), geologisk rapport og geoteknisk rapport, støyrapport og analysedata for grunnprøver.

Planstatus for det aktuelle planområdet for gang- og sykkelvegen er ulike reguleringsplanar som den nye planen delvis vil erstatte. Disse er reguleringsplan for Svelgen sentrum vedteken 2001, Svelgen sentrum nord, vedteken 2013, reguleringsplan for Breivika frå 1998 og reguleringsplan for fortau i Breivika frå 2009. Planen rår vidare deler av planframlegget til reguleringsplan for Breivika industriområde, privat plan for tiltakshavar Breivika Eigedom AS., som ikkje er vedteken endå. Planarbeidet blir koordinert. Planarbeidet for ny veg Svelgen – Myklebust er ikkje teke omsyn til i den aktuelle reguleringsplanen for gs-veg, sidan dette planarbeidet kjem etterpå.

Planarbeidet for reguleringsplanen omfattar det nødvendige arealet for anleggstida og sjølvveganlegget. Ein del av fylkesvegen må flyttast noko mot sør i vestre del av planområdet, for å få plass til fortau i forlenging av eksisterande fortau i Breivika. I dette området er det liten plass, og fortau tek mindre areal enn gs-veg (gang- og sykkelveg). Regulert vegbreidde for køyrevegen er 6,5 m, medan fortau og gs-veg har høvesvis 2,5 og 3 m breidde (pluss skulder). Frå avkøyrse til industriområdet på Rise er det gs-veg austover til avkøyrse til Naustneset.

I Breivika er det lagt inn ny avkøyrse til båthamna. Murar, som det blir ein del av i Breivika, skal vere i naturstein grunna krav til estetikk. I austre del av planområdet blir det fjellskjering, og her er det krav til sprengingsmetode som gjev jamne, fine flater utan utgliding av blokker.

I samband med avkøyrselene til idrettshuset og Naustneset/busslomme skule, er det planlagt gang-/sykkelveg og fylkesvegkryssing med omsyn til betre forhold for dei gåande. Når det gjeld kollektivtrafikk er det vurdert at det ikkje er behov for busstopp ut over dei to som ligg i området i dag; like vest for planområdet og like aust (busslommen ved skulen).

I høve grunn til veganlegg er det planlagt erverva 3 m utom fylkesvegen, og min 1 m utom skjering eller fylling. For gang-/sykkelveg skal det ervervast minst 1 m utom anlegg.

I høve støy er det bereikna at ingen bygg får auke i støynivå på meir enn 3 dB, og det er difor ikkje aktuelt med støydempende tiltak. I ROS-analysen er m.a. risiko i anleggstida vurdert. Her er det presisert at god dialog med skulen er viktig, då det blir endringar i trafikkmønster og nærleik til anleggsarbeid med sprenging og trafikk.

Vurdering: Ein har ikkje merknader til planframlegget, og rår til at det blir lag til offentleg ettersyn slik det ligg føre.